



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 601
Arkivnr: 2014/238-39
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune		

Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om å starte prosess med konkurranseutsetjing

Bakgrunn:

Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for Samnanger kommune er vedteke å gjelda til og med rekneskapsåret 2019, det vil seia til og med 30.06.20. Frå 01.07.2020 skal revisor i ny avtaleperiode vera på plass.

Drøfting:

Når det nærmar seg utløp av avtaleperioden må ein ha ny konkurranse, for å følgja regelverket om offentlege innkjøp.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass med denne prosessen.

"Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner", §16, 2. lekk, er slik:

"Dersom kommunestyret eller fylkestinget vedtar å konkurransesette hele eller deler av revisjonen, foretar kommunestyret eller fylkestinget selv valg av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet".

Departementet sine merknader til §16, 2. lekk, er slik:

"Det er kontrollutvalget som innenfor de rammer som konkurranselovgivningen setter – herunder regelverket om offentlige anskaffelser og om offentlig støtte – forbereder sak om valg av revisor for kommunestyret eller fylkestinget"

Samnanger kommune har gjort vedtak om å konkurransesette revisjonstenestene. Såleis er det val av revisor saka gjeld no. Då er det altså kontrollutvalet som saksførebur og innstiller, medan det er kommunestyret som vel revisor.

Framlegg om kva fullmakter kontrollutvalet bør ha når dei saksførebur, følgjer av framlegg til innstilling.

Prosesen frå utarbeiding av tilbodsdokument til val av revisor, tar gjerne $\frac{3}{4}$ år. Derfor er det viktig med avklaring om kven som gjer kva på eit tidleg tidspunkt. Derfor denne saka no.

Kommunestyret vert denne gongen invitert til å gjera tilsvarande vedtak om fullmakter, som Samnanger kommunestyre fatta i sak KS-066/13 i møte 18.12.2013:

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber om fullmakt frå kommunestyret om at kontrollutvalet kan starte prosess med konkurranseutsetjing på det grunnlag som går fram av utkast til innstilling.

Forslag til innstilling

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.